



Britt Torill M. Mathiesen og medhjelparar i aksjon under basaren i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er basartid i bygda og no har turen snart kome til den tradisjonsrike Vonheim-basaren. Den er truleg halde så lenge Vonheim har eksistert som forsamlingshus oppe i dalen og i år er dagen søndag 23. november og klokkeslettet 16.**

Det betyr at basaren er flytta frå den tradisjonelle fredagen til ein søndag. Eigentleg skulle han då ha vore avvikla førstkommande søndag, men det viste seg at det skulle vera gudsteneste i kyrkja samtidig.

I fjor kom det rundt 40 på basaren og dei sørnga for at det vart rekordinntekt med 10.000 kroner, som var 3.000 meir enn året før. Kanskje blir det ny rekord dette året?

I hvert fall kan leiar Britt Torill M. Mathiesen lokka med mange fine gevinstar sjølv om dei ikkje har ein så original topp-gevinst som i fjor: To mål ved på rot! Han vart forresten vunne av basar- og andaktsveteranen framfor alle i Uskedalen, Gunnar Kjærland (no 85 år), etter at han hadde halde andakt!

Britt Torill fortel at pengane kjem godt med, til dømes til opprusting av kjellaren slik at det blir betre tilhøve for matlaging der. Dei er godt på tur, for dei har fått ein komfyr som gåve fra EXPERT.

Ei anna oppgåve er montering av kontakt utvendig slik at dei kan få vaska bygningen lettare enn i dag.

Stutt tid etter basaren blir det nok ei tilstelning i Vonheim. Det er ein juleverkstad, som Ingunn Myklebust og Anne Grethe Sjø tok initiativet til i fjor og som vart svært vellukka.

Av Ola Matti Mathisen



Åresalet i gang i fjor. Då vant Gunnar Kjærland (til venstre) to mål ved! (Foto: Ola Matti Mathisen)